



Statens vegvesen  
Postboks 1010  
2605 LILLEHAMMER

**Vår ref:**

Sak: 23/879 JpID: 23/22338 Sbh: EMY

**Dykkar ref.****Dato:**

13.06.2023

## Detaljregulering for nytt busstopp ved Lote - Mindre endring av plan - Kunngjering om vedtak

Stad kommune ved plan og forvaltning vedtok den 08.05.2023 saksnr. 23/879, etter delegasjon frå kommunestyret jf. pbl. § 12-14 andre ledd, mindre endring av detaljregulering for nytt busstopp ved Lote, PlanID 2020001.

### Vedtak

*Med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd, vert mindre endring i reguleringsplan for nytt busstopp ved Lote godkjent.*

Vedtak av *mindre endring av detaljregulering for nytt busstopp ved Lote* kan påklagast i medhald av Plan- og bygningslova § 1-9. De blir med dette varsla om planvedtaket i samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 12-12. Den vedtekne reguleringsendringa er straks bindande for framtidig arealbruk i området. Vi takkar for bidrag i planprosessen. Les meir om endringar av plankart og føresegner etter endring i saksutgreiinga i vedtaket.

### Saksdokument

Vedlagt dette brevet følgjer plankart, føresegner og vedtak. Komplette plan med vedlegg er tilgjengeleg på Stad kommune si heimeside [www.stad.kommune.no](http://www.stad.kommune.no) under kunngjeringar. Plandokumenta vil i tillegg vere tilgjengelege på kundemottaket på Stad Rådhus og på innbyggjartorget på kommunehuset i Selje i perioden fram til klagefristen går ut. Dersom de ønsker ein kopi av dokumenta, kan de kontakte Stad kommune på tlf. 57885800.

### Eventuelle klager

I samsvar med pbl. § 12-12 er grunneigarar og andre varsla ved dette brevet, og planvedtaket blir kunngjort i Fjordabladet fredag 16.06.2023. Fristen for å klage på vedtaket er etter forvaltingslova § 29 sett til **07.07.2023**.

Ei klage må rettast skriftleg til Stad kommune og merkast med «23/879» og sendast per e-post: [post@stad.kommune.no](mailto:post@stad.kommune.no) eller post til Stad kommune, Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid. Etter at klagefristen er ute, vil vi orientere forslagsstillaren, partar som saka får direkte konsekvensar for, og regionale myndigheiter om eventuelle innkomne klager på vedtaket.

**Erstatning/innløsning**

Krav om erstatning etter plan- og bygningslova § 15-2 og krav om innløsning etter den same lova § 15-3 må fremjast tre år etter at reguleringsplanen er kunngjord

Med venleg helsing

Svein Arne Tennebø Fure  
einingsleiar plan og forvaltning

Eirin Victoria Myklebust  
planleggar plan og forvaltning

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

*Ver venleg å oppgje referansenummer 23/22338 dersom du tek kontakt med oss*

**Vedlegg:**

Vedtak om mindre endring av reguleringsplan for nytt busstopp ved Lote	1590178	13.06.2023
REGULERINGSFØRESEGNER, revidert 08.05.2023	1590179	13.06.2023
LAY_R E39 Busslomme Lote, regendring 26.04.23	1590180	13.06.2023